

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
176/14	Formannskapet	PS	03.09.2014
189/14	Formannskapet	PS	17.09.2014
104/14	Kommunestyret	PS	17.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 121	14/1055

### Uttale regional kulturplan

PREMISS:KULTUR

#### Vedlegg:

Regional kulturplan

Høyringsbrev TCN

Handlingsprogram

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

#### Formannskapet - 176/14

#### FS - behandling:

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14

Framlegget vart samråystes vedteke

#### FS - vedtak:

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14

## **Formannskapet - 189/14**

### **FS - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - vedtak:**

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

## **Kommunestyret - 104/14**

### **KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding i møte 17.09.14:

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

### **Saksopplysninger:**

Hordaland fylkeskommune ved kulturavdelinga har sendt ut høyringsforslag for regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Planen PREMISS:KULTUR er forslag til Hordaland sin samla politikk for kultur, og omfattar heile kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen inneheldt visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde innanfor dei ulike felta. Kultur- og ressursutvalet i Hordaland har vore styringsgruppe, og saksordførar har vore Nils Marton Aadland.

## Visjonen for Regional kulturplan: **Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion**

1. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
2. Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
3. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskapning.
4. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kulturuttrykk.
5. Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland kan vere leiande.
6. Hordaland skal ha ein sjølvstendig og offensiv kunst og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt.

Barn og unge har ei spesiell merksemeld innan alle målområda og er eit gjennomgående tema i planen. Planen har fire hovudtema, felles for alle fagområda; endingar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling.

Det er 39 innsatsområde i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart fjerde år og justerast årleg i budsjettprosessen på fylket.

Premiss:KULTUR vart sendt ut på høyring i juni og med innspelskonferanse 20.august. Høyringsfristen er 26. september 2014.

### **Vurdering**

#### **Samhandling, verdiskapning og frivilligheit**

Kulturen er limet som bind oss saman. Det er kommunane som har ansvaret for førstelinja innan kultur- og idrettspolitikk. Å sikre eit mangfold av tilbod nær der folk bur og arbeider, er først og fremst kommunane si oppgåve.

I samspel med nasjonalt- og regionalt forvaltningsnivå må vi saman sjå til at det er høvelege kultur- og idretts tilbod i heile fylket. Austrheim kommune er oppteken av at vi når alle, og at vi har eit mangfold av aktivitetstilbod tilpassa ulike publikumsgrupper. I mindre kommunar er dei kommersielle /private kulturtilboda svært begrensa, og **det er frivillige lag og organisasjonar som står for det meste av kulturlivet i bygda**. Det er særskilt viktig at det offentlege støttar opp om det frivillige arbeidet med tilskot, hjelp og kunnskap. Fylkeskommunen må aktivt vere med å bidra til at vi når målsettingar i kulturplanen også i små lokalsamfunn.

**Frivilligsentralen** er ein møteplass for, og bindeledd mellom enkeltmenneske frå alle aldersgrupper, frivillige- og offentlege organisasjonar. Den er katalysator for idear og forslag, samt bidrar til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljø og lokalsamfunnet. Frivilligsentralen er ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet – nokon treng hjelp og andre ønskjer å hjelpe. I kulturplanen står det lite om Frivilligsentralen, og vi saknar tiltak under innsatsområde 7. på dette viktige arbeidet.

Kultur er med på å skape og utvikle verdiar i samfunnet, og det må leggjast til rette for at kulturnæringer får gode rammar for etablering og utvikling. Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som **ein leiande europeisk kulturregion** Dette er ein ambisiøs visjon og eit «hårete» mål. Austrheim kommune ønskjer å vere ein partner som strekkjer seg etter denne visjonen. Vi har som målsetting at kommunen skal vere ein god kommune å bu i, og vil legge til rette for at også tilreisande skal trivast og kunne vere aktive. Kystkommunen Austrheim satsar på **havsport** og ønskjer at dette vert «**eit fyrtårn**» som kjem med som tiltak i Regional kulturplan.

## Kulturminnevern, museum og arkiv

Kystkulturen er viktig for identiteten til Hordaland, og i innsatsområde 5.5 pkt 17 i planen er målet: «*Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, oppleving og bruk skal løftast fram*». Det må vere fokus på Kystkulturen innan dei ulike innsatsområda og i tiltaka i handlingsprogrammet. Austrheim kommunen vil at historia frå **steinalder til oljealder** vert formidla i fylket, der sjøen er og alltid har vore viktig for utviklinga på Vestlandet. **Fosnstraumen** peikar seg ut som eit regionalt område som har potensiale langt utover lokalt nivå. Her er den største konsentrasjonen av steinalderbuplassar i Hordaland, og ein av dei største konsentrasjonane i Noreg. Området har difor vorte kalla «steinalderlandsbyen». Forklaringa på den høge konsentrasjonen av funn, er eit uvanleg rikt plante- og dyreliv i Fosnstraumen, spesielt når det gjeld fisk. I sum dannar dette utgangspunkt for ei spennande formidling. Lokale eldsjeler ynskjer no å etablere ein permanent steinalderpark etter inspirasjon av tilsvarende opplevingsparkar i Danmark med tema frå fjern fortid. Konseptet er basert på rekonstruksjon av buplassar og gjennomføring av aktivitetar som t.d. flintverkstad, bogeskyting, fishing, forhistorisk mat osb. I kombinasjon med eit signalbygg á la «Viewpoint Snøhetta» på Dovre med utstillingslokale, og eventuelt eit sjøobservatorium, vil dette kunne verte ein attraksjon av internasjonal verdi som Hordaland fylkeskommune bør støtte opp om.

Det er flott at Regional kulturplan har fokus på formidling, spesielt til barn og unge.

I Nordhordland er det behov for formidlingsarenaer /museum for strilekulturen, fiskarbonden, det maritime og farleia. Det er også eit stort behov for **magasin** i denne delen av regionen, for bevaring og profesjonell utveljing av kva vi skal ta vare på av kulturminne.

Fylkeskommunen må i sterkare grad bistå kommunane innanfor **bygningsvern og fotobevaring**. Skal vi ha noko å formidle i framtida er det viktig at lokalsamfunnet får hjelp av fylkeskommunen innan kulturminnefeltet og arkiv. Fotobevaring er eit felt der vi ber om at fylkeskommunen bidrar med kompetanse og til å finne gode løysingsar i kommunane. Dette må med som eit tiltak i planen.

## Bibliotek

Lesedugleik er like viktig for alle i fylket, og små og store bibliotek har ei viktig rolle for å fremme **leselyst** blant barn og unge. Austrheim folkebibliotek vil gjerne vere ein partner i innsatsområde 31 tiltak C. Koordinere leseprogram- og kampanjar i grunn- og vidaregåande skule.

Kombinasjonsbibliotek mellom folke- og skulebibliotek, der folkebiblioteket får ansvaret for den **samla bibliotektenesta** er ein god modell i mindre kommunar. Med å samle ressursar får vi større stillingsprosentar, og høve til å ta del i kompetanseheving og utviklinga innan fagfeltet. I den nye biblioteklova vert det lagt vekt på at biblioteket i større grad skal vere aktive aktørar i lokalmiljøet, og legge til rette for offentleg debatt. Det er fint at fylket følgjer opp dette i planen og med tiltak i handlingsprogrammet. Biblioteka har i fleire år tapt i den sentrale kultursatsinga, og det er **behov for eit løft** for at biblioteka skal stå fram som moderne og attraktive. Fylkesbiblioteket må bidra med kompetanse og tilskot for å nå mål i kulturplanen.

## Formidling, deltakting, kunstproduksjon og kulturskule

Det er eit mål i planen at alle barn og unge skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk. **Den kulturelle skulesekken** (DKS) spelar i så måte ei viktig rolle, og vi håper at tilskotet kommunane får til DKS vert auka. Vi ser også at **Den kulturelle spaserstokken** (DKSS) betyr mykje i lokalsamfunnet. Dei eldre får kulturtilbod av god kvalitet på arenar der dei ferdast, og vi når mange med forholdsvis liten økonomisk innsats. Vi håper DKSS vert ei fast ordning med gode økonomiske rammer.

Austrheim kommune er positiv til ny rammeplan for **kulturskulen** og programmet «Mangfold og fordypning» frå Norsk kulturskoleråd. Austrheim kulturskule er 30 år, og er svært viktig for at barn og unge i alderen 0-19 år skal få utvikle sine skapande ressursar innan ulike kunstuttrykk. Kulturskulen

må få økonomiske rammer og kompetanse til å utvikle seg vidare som lokalt ressurssenter innan musikk, kunst, song, og andre kreative uttrykk. Det må vere eit forpliktande samarbeid mellom skule- og kultursektoren, og fylket kan bidra til vidareutvikling av kulturskulen.

Kulturplanen seier at kunstopplevelingar er utviklande både for enkeltmenneske og fellesskapet, og at det difor er viktig å legge til rette for at alle får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket.

Det er også viktig at kunstnarar får hjelp og støtte til å etablere seg utanfor Bergen, og at det vert lagt til rette for vising av kunst i **lokale kunstsenter**. **Kunsten må ut til folket!** Både tradisjonelle og nyskapande kunst- og kulturuttrykk må visast fram i det offentlege rom, og i kulturlandskapet.

Innbyggjarar i Nordhordland og folk som har sitt arbeid her, kjem frå mange ulike land, og vi må legge vekt på internasjonale kunstuttrykk og -tradisjonar i kystkommunane. I regionen Nordhordland er det behov for at fylkeskommunen bidrar med kompetanse, samordning og tilskot slik at det vert fleire gode kunstopplevelingar i denne delen av fylket.

### Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

«Aktiv kvar dag, heile livet» er visjonen i Austrheim kommune sin plan innan dette fagfeltet. Og vi jobber systematisk etter handlingsprogrammet inspirert av fylket sin visjon «**Aktiv kvar dag**». Det er fint at fylket har fokus på meir fysisk aktivitet blant barn og unge. I vår kommune er vi oppteken av at dei unge i større grad brukar sjøen som ein ressurs til aktivitet, og vi ønskjer tiltak i kulturplanen som følgjer opp anleggsutvikling og tilrettelegging for «**havsport**». Dette kan også sjåast i samanheng med satsinga på friluftsliv og universelt utforma friluftsområde. Austrheim kommune har tilsett ungdomskoordinator, og saman med ungdomsklubben har vi fokus på fysisk aktivitet i fritida. Vi ser at med samarbeid over kommunegrensa, med Radøy kommune sin ungdomskoordinator, får vi til så mykje meir enn åleine for målgruppa ungdom og funksjonshemma. Under innsatsområde 36 «Fysisk aktivitet» i handlingsprogrammet, saknar vi eit tiltak som **modell «aktiv fritid»**. Eit tilbod som ikkje idrettslag eller andre private kan tilby ungdom og funksjonshemma; open hall, turgruppe, leik og aktivitet på sjøen, skitur til fjellet, bowling, frisbee, skating, rulleskøyter, leik med ball o.a.

Gode, moderne idrettsanlegg er viktige i lokalsamfunnet, for at vi skal halde på ungdom og rekruttere nye til idrettslag. At alle får tilgang til anlegga, også dei som ikkje er medlem i eit lag, er vesentleg om vi skal nå målet om meir fysisk aktivitet. Vi ser at alle aldersgrupper har behov for meir fysisk aktivitet og at det er god folkehelse i å satse på dette. I den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013 er hordalendingar mest interesserte i friluftsliv. Tilgang til idrettshall er den møteplassen som vert vurder som viktigast (pkt. 3.4 s. 18 i planen).

Med å kople tur i marka med formidling av kulturminne, lokalhistorie , matkultur, ulike kultur- og kunstuttrykk får vi fleire med ut på tur. Tiltrettelegging med god merking av turstiar/turvegar og parkeringsplassar for tilreisande, er viktig . Samordning og samhandling, formidling og deltaking er stikkord for å lukkasts, og tilskotsordningar må kunne sjåast på tvers av fagfelta.

I Hordaland er det unike moglegheiter for ulike **naturopplevelingar** til alle årstider, og i Nordhordland er det kort avstand frå by til smule farvatn og ope hav. Fiske og padling i ferskvatn og sjø, i elver og straumar. Tur på fjellet og utmark. Her kan ein oppleve aktiviteter i naturen for dei som ønskjer utfordringar, og for dei som søker ro og rekreasjon. Nordhordland har eit stort potensiale, og i planperioden 2015-2025 kan området som stekker seg frå Trollfjellet på koninentsokkelen, gjennom kyst- og fjordlandskapet til toppen av Stølsheimen bli det første av **UNESCO sine biosfæreområde** i Noreg. Med fokus på olje, vasskraft og fiske kan Nordhordland bli eit «**fyrtårn**» i forhold til «PREMISS:KULTUR» der visjonen er at Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion.

### Konklusjon

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.